

Tiltaksstrategi for Nærings- og miljøtiltak i Skogbruket



Vindafjord kommune

2026-2029

Vedtatt 23.03.2026

Innholdsliste

1. Bakgrunn	2
2. Prosessen.....	2
3. Overordna føringar.....	3
4. Regelverk	3
5. Prioritering.....	3
6. Kort om landbruket i kommunen.....	3
7. Hovudtal for skogen i Vindafjord	5
8. Aktivitetsoversikt siste 10 år	5
8.1. Hogst	
8.2. Planting	
8.3. Ungskogpleie	
8.4. Vegbygging	
9. Vurdering av behov	8
9.1. Planting	
9.2. Ungskogpleie	
9.3. Vegbygging	
10. Mål.....	10
11. Tilskotssatsar	10
12. Strategiar og tiltak	12

1. Bakgrunn

Hovudføremålet med strategien er på ein berekraftig måte å stimulere til auka verdiskaping i skogbruket. Kommunen vil gjennom ulike tilskotsordningar og samarbeid med til dømes lokale interesseorganisasjonar i landbruket og aktørar i næringa, vere med å utvikle skognæringa ytterlegare i tråd med overordna og regionale føringar for skogpolitikken. Oppbygging av kvalitetsskog og infrastrukturtiltak er framheva som sentrale satsingsområde.

2. Prosessen

Utkast til tiltaksstrategi er utarbeidd av eining Areal og forvaltning med bakgrunn i aktivitetstal for hogst og skogkultur i kommunen siste 10 år, nasjonale, regionale og lokale skogpolitiske mål og innspel frå Statforvaltaren. Næringsaktørar og lokale interesseorganisasjonar i landbruket har hatt høve til å gje uttale til strategien.

Den 4-årige tiltaksstrategien er handsama politisk av utval for drift, utvikling og kultur (DUK) den 23.03.2026.

3. Overordna føringar

Følgjande styringsdokument ligg til grunn for arbeidet og prioriteringane:

- Hovudplan for skogsvegar 2018-2032
- Meld. St. 6 (2016-2017) Verdier i vekst – Konkurransedyktig skog- og trenæring
- Meld. St. 13 (2020-2021) Klimaplan for 2021-2030
- Kystskogmeldinga (2022)

4. Regelverk

Utarbeiding av tiltaksstrategien og bruken av ulike tilskotsordningar er heimla i «Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket». Føremålet med tilskotet er at det ut frå regionale og lokale prioriteringar vert stimulert til auka verdiskaping i skogbruket, samtidig som miljøverdiar knytt til biologisk mangfald, landskap, friluftsliv og kulturminne i skogen vert tatt vare på og vidareutvikla.

Kommunen har ansvaret for sakshandsaming etter «Forskrift om tilskudd til nærings- og miljøtiltak i skogbruket». Dette omfattar søknadar om tilskot til skogkultur (t.d. planting, markarbeiding og ungskogpleie), tynning, miljøtiltak og andre tiltak, samt tilskot til skogsvegar, taubane og drift.

Kommunen har rettleiings- og tilretteleggingsansvar for alle saker om tilskot til nærings- og miljøtiltak i skogbruket. I tillegg til oppfølging av foryngingsplikta etter bartrehogst ligg det og i dette m.a. at kommunen tar ansvar for å «drive» fram gode vegprosjekt.

Det er utarbeidd eigne felles overordna retningslinjer for tilskot til taubane og skogsvegar o.a., som gjeld alle kommunane i Rogaland. Desse vert reviderte kvart andre år. Siste reviderte utgåve gjeld frå 01.01.2026 og følgjer som vedlegg til denne tiltaksstrategien. Statsforvaltaren har og i samråd med kommunane og næringsaktørane arbeidd fram forslag om felles tilskotssatsar for NMSK-tilskot til skogkultur, også desse gjeldande frå 01.01.2026. Satsane er innarbeidd i punkt 11 i denne tiltaksstrategien.

5. Prioritering

Av tiltaka tilskotet kan nyttast til vil kommunen prioritere høgast tiltak for etablering og oppbygging av kvalitetsskog og nybygging og ombygging av skogsvegar.

6. Kort om landbruket i kommunen

Vindafjord kommune er prega av eit fjordlandskap med vekslende topografi. Nede i dalane finn ein større og flatare areal med dyrka mark og beite. Ein finn mykje veldrive

jordbrukslandskap langs det opne fjordlandskapet. Langs dalsidene finn ein beiteareal, lauv- og furuskog eller planta skog. Landbrukseigedomane er ofte inndelte i smale felt frå botnen av dalen og opp langs dalsidene til fjellet.

Vindafjord er ein av dei største kommunane i Rogaland når det gjeld skogareal. I følgje tal frå NIBIO for 2025 utgjer det produktive skogarealet 212 709 dekar (34,3 % av landarealet). Dette er 867 dekar mindre enn i 2022 og ytterlegare 2300 dekar mindre enn i 2016. Vilkår for produksjon av tømmer er gode. I 2024 synte tala frå NIBIO sin arealressursstatistikk at høvesvis 34% og 53% av det produktive skogarealet var av svært høg eller høg bonitet, mens 12% og 1% var av middels eller låg bonitet.

Vindafjord er og ein stor jordbrukskommune, der mjølk- og kjøttproduksjon er dominerande. I 2025 utgjorde fulldyrka mark, overflatedyrka mark og innmarksbeite høvesvis 7,1%, 0,5% og 5,9% av landarealet. Det aller meste av arealet vert nytta til grovfôrproduksjon. Ein del av det avverka barskogarealet som ligg inntil dyrka mark og nær tunet på gardar med aktiv husdyrproduksjon, vert dermed ønskt omdisponert til jordbruk. Samtidig vert areal omklassifisert til skogsmark i gardskartet på grunn av gjengroing med lauvskog.

Den årlege avverkinga har dei siste 10 åra variert mellom 16.800-45.950 m³ tømmer, i gjennomsnitt 25.860 m³. Både i 2023 og 2025 var avverkinga over 40.000 m³. Det er venta vidare auke i årleg hogstaktivitet neste 10-15 år etter kvart som plantefelta frå den store skogreisingsaktiviteten på 1950-60-talet vert hogstmodne.

Planteaktiviteten i 2016-2025 har vore aukande. Totalt vart det planta 3745 dekar med i hovudsak vanleg gran og noko sitkagran og markarbeidd 23 dekar for naturleg forynging av furu. Aktiviteten var særleg høg i 2017, 2018 og 2024. Det er likevel framleis trong for ekstra innsats for å komme ajour med plantebehovet.

Innsatsen innan ungskogpleie har medført positiv utvikling i aktivitet, men aktiviteten varierer mykje frå år til år. Det er framleis trong for ekstra innsats for auka ungskogpleie i dei unge plantefelta.

I perioden 2016-2025 er det bygd ferdig 16,4 km skogsbilveg fordelt på 24 veganlegg, med dekningsområde på 10.700 dekar og 165.000 m³ ståande volum i hogstklasse 3-5. Veganlegga har mottatt 11,4 mill. kr i NMSK-tilskot.

Det vart gjennomført ny områdetakst av skogen i Vindafjord i 2016. På bakgrunn av denne er det utarbeidd skogbruksplanar for private og kommunale skogeigedommar tilsvarende halvparten av det takserte arealet. Områdetaksten inkluderer oppdaterte MIS-registreringar og kartlegging av nye og gamle hjorteskadar på produksjonsskog av gran.

Oppdaterte produksjonsdata frå taksten var grunnlag for arbeidet med ny hovudplan for skogsbilvegar som vart vedtatt i 2018. Denne avløyste hovudplanane for «gamle» Vindafjord (2001) og Ølen (2003) kommunar. Hovudplanen gjeld til 2032.

Det er to moderne tømmerkaiar i Vindafjord kommune. Sønnaåneset tømmerkai stod ferdig opprusta og utvida i 2016. Vindafjord skogeigarlag si tømmerkai på Utboja stod ferdig utvida og opprusta i januar 2026 og er tatt i bruk.

I fleire område i kommunen er hjortebestanden ei stor utfordring for jord- og skogbruket. Kommunen har som mål å redusere bestanden av hjort for å redusere skadeomfanget i landbruket og tal påkjørsler i trafikken, og gjennom målretta forvaltning oppnå ei kjønns- og alderssamansetting i bestanden som gir dyr med god kondisjon. Ut frå fellingsstatistikken ser det ut til at tiltaka for å stoppe bestandsveksten kan ha lukkast og at bestanden er noko på veg nedover.

7. Hovudtal for skogen i Vindafjord

Det vart gjennomført ny områdetakst av skogen i Vindafjord i 2016. I følgje hovudtala vart det då taksert 173.315 dekar produktiv skog med totalt 2,67 mill. ståande kubikkmasse og total tilvekst på 88.705 m³. Gjennomsnittleg tilvekst pr. dekar var 0,51 m³. Det var nøkkelbiotopar registrert på 0,4% av arealet.

Boniteten på det takserte produktive skogarealet var fordelt på 27,6% høg bonitet (17 eller høgare), 53% middels bonitet (11 og 14) og 19,4% låg bonitet (8 og 6).

Pr. 2016 viste områdetaksten at kulturskogen av gran og sitkagran vaks på 22,7% av det produktive skogarealet, men stod for 38,5% av det ståande volumet. 72% av granarealet hadde bonitet G20 eller betre.

Furu og lerk vaks på 37,6% av det produktive skogarealet og stod for 38,5% av volumet. 95% av furuskogen hadde bonitet F14 eller lågare.

Lauvskogen vaks på 38,7% av arealet og stod for 22,9% av volumet. Nær 90% av lauvskogen stod på bonitet B11 eller B14.

Aktiviteten i skogen i Vindafjord sidan 2016 kjem fram av kapittel 8.

Tiltak i skogbruket, som avverking og planting, vert oppdatert jamnleg i skogbruksplankartet Allma, men ikkje areal som vert omdisponert til jordbruk eller andre føremål. Omdisponert areal vert oppdatert fortløpande av kommunen i gardskartet (NIBIO).

Statleg tilskot dekker ein stor del av kostnaden ved nye skogsbruksplanar i kommunane i Rogaland. Oppdatering av Vindafjord sin skogbruksplan/områdetakst er venta innan 10 år.

8. Aktivitetsoversikt siste 10 år

8.1. Hogst


I perioden 2016-2025 vart det avverka 258.623 m³ industrivirke og energivirke i kommunen med ein samla bruttoverdi på 121,8 mill. kr. Avverkinga varierer frå år til år, med 25.860 m³ i gjennomsnitt. Lågast var det avverka volumet i 2018 med 16.848 m³. Høgaste avverka volum var 45.950 m³ i 2025, med ein førstehandsverdi på 35,2 mill. kr. Det har tidlegare ikkje vore avverka høgare volum i Vindafjord enn i 2025.

Både i 2023 og 2025 var avverka volum over 40.000 m³ i kommunen. Dette er samanfalle med avverking av ryddebeltene for Fagne og Statnett sine nye leidningar for straumforsyning gjennom kommunen. Denne aktiviteten har nokre stader initiert tidlegare

hogst av bestand som ligg nær linjetraseane. I 2025 har i tillegg uvanleg høge tømmerprisar vore ein drivar for auka hogst.

Gran utgjer i gjennomsnitt for perioden 83,1% av det avverka volumet, furu 14,2% og lauv og energivirke (ved/flis) 2,7%.

Figuren under syner utviklinga av avverka volum samanstillt med plante- og ungskogpleie-aktiviteten frå 1991 og fram til 2025.



Noko av det innmelde volumet kjem ikkje frå skogbestand, men t.d. frå rydding langs veg- og jordekantar, på beite, kring tun, og liknande. Ein del av volumet kjem frå areal som er regulert til andre føremål, som område for masseuttak, næring, offentlege vegar, bustad- og hytteområde. Noko kjem og frå ryddebelte for nye kraftleidningar. Slikt areal er ikkje lenger tilgjengeleg som skogproduserande areal. I perioden 2019-2024 utgjorde dette 1,3% av det avverka volumet.

Etter fråtrekk for dette syner gjennomgang av tal frå Økonomisystemet for Skogbruk (ØKS) at 3328 dekar av det avverka arealet i perioden 2019-2024 er underlagt foryngingsplikt og skal settast i ny produksjon. Av dette er det utført foryngingstiltak på 56% av hogstarealet (1780 daa planting, 90 daa naturleg forynging). 215 dekar er ferdig godkjent som dyrka mark eller innmarksbeite (6,4%) og 600 daa er under omdisponering (18,1%). På 645 daa er det ikkje utført tiltak for å sette arealet i ny produksjon (19,3%), men det er bestilt planter til 200 dekar av desse for planting i 2026.

Det er ikkje krav om kartfesting av hogst og det er derfor ikkje tilgjengeleg presise tal for avverka areal. Tala ovanfor er rekna ut etter gjennomgang av kvar enkelt hogst ved

oppmåling på flybilette i gardskartet (NIBIO) og/eller kartprogrammet for skogbruksplanen (Allma), eller henta frå ØKS.

8.2. Planting

I perioden 2016-2025 vart det etter hogst planta 3245 dekar med i hovudsak vanleg gran og noko sitkagran og 500 dekar klimaskog i 2018 (sjå under), totalt 3745 dekar. Dette er 820 dekar meir enn i perioden 2013-2022. I tillegg er 115 dekar forynga naturleg i perioden.

Åra 2013 og 2014 var utfordrande på grunn av låg tilgang på eigna plantemateriale og arbeidskraft i forhold til etterspurnaden i regionen. Etter dette kom nok ein aktør inn med plantelag i kommunen. Saman med betre tilgang på planter auka planteaktiviteten igjen frå 2015. Nær halvparten av arealet som vart avverka i 2016, vart planta alt i 2017. I tillegg vart det i 2017 planta flater frå fleire år tilbake, den eldste frå 2011. Også i 2018 var planteaktiviteten høg, slik at meir av etterslepet på planting vart tatt igjen. Pandemien skapte utfordringar i forhold til arbeidskraft for skogplanting i heile landet. Etter lokal mobilisering vart det likevel planta 330 dekar i Vindafjord både i 2020 og 2021.

Dei siste fire åra har plantearealet variert i takt med variasjonen i avverking, til dømes vart det planta 520 dekar i 2024, året etter at avverkinga passerte 40000 m³ fyrste gong (2023). Tilsvarende sank plantinga til ca. 240 dekar i 2025, etter avverking av under 20.000 m³ i 2024.

Vindafjord var med i pilotprosjektet «Planting av skog på nye areal som klimatiltak» i 2016-2018. Dette resulterte i rydding og planting av 500 dekar gjengroingsareal i kommunen i 2018, i tillegg til den ordinære plantinga det året.

Plantearbeidet vert i hovudsak utført av profesjonelle aktørar, som tar seg av både plantebestilling og plantearbeidet. Ofte vert avtale om planting inngått i samband med hogsten. Kommunen har eit godt samarbeid med desse aktørane om t.d. rapportering av bestilte oppdrag, og kan dermed fokusere på oppfølging av areala utan aktivitet og areal under omdisponering.

Interessa for å plante etter hogst synest å vere ganske stabil. Av arealet underlagt foryngingsplikt frå hogstane i 2007-2016 var det pr. 2017 gjennomført foryngingstiltak på 1823 av 3500 dekar (52%), mens for perioden 2016-2021 var det pr. 2022 utført foryngingstiltak på 1845 av 3175 dekar (58% av arealet). For perioden 2019-2024 er det planta eller forynga naturleg på 1870 av 3328 dekar (56%).

Pr. februar 2026 står 645 daa frå perioden 2019-2024 utan tiltak for å sette arealet i ny produksjon (19,3%). Det er bestilt planter til 200 dekar av desse for planting i 2026. Då står det likevel att 450 dekar det ikkje er gjort tiltak på ennå. Det er kommunen si oppgåve å følgje opp desse flatene, slik at arealet vert sett i ny produksjon så snart som råd.

215 dekar frå same periode er ferdig godkjent som dyrka mark eller innmarksbeite (6,4%), mens 600 daa er under omdisponering (18,1%). Også arealet under omdisponering krev oppfølging for å sikre at arbeidet vert ferdigstilt og arealet ferdig omdisponert som innmark eller tilplanta.

Kommunen har i 2024 og 2025, saman med Statsforvaltaren, hatt ekstra fokus på oppfølging av eldre hogstflater som ennå ikkje har vore tllplanta eller ennå ikkje er ferdig godkjent omdisponerte frå skogsmark til innmarksbeite eller dyrka mark. Foryngingsplikta etter hogst gjeld til arealet er planta eller godkjent som eit anna markslag enn skogsmark i AR5 (gardskartet, NIBIO). Kommunen vil rutinemessig halde fram dette arbeidet.

8.3. Ungskogpleie

I forhold til planteaktiviteten har det vore gjennomført lite etterarbeid som lauvrydding og avstandsregulering i dei unge plantefelta. Særleg låg var aktiviteten i perioden 2003-2014.

Kommunen har deltatt i fleire prosjekt med mål om å auke aktiviteten innan særleg ungskogpleie, men og planting og supplering (2012-2014, 2019-2020, 2022-2025). Prosjekta har vore/er finansierte av Fylkesmannen/ Statsforvaltaren. Prosjektleiaren har som oppgåve å bidra med gratis og nøytral fagleg rettleiing til skogeigarar med felt som treng oppfølging. I Vindafjord har prosjektleiaren til dømes bidratt med verdifulle råd om tiltak i ungskogfelt med særskilte utfordringar.

Prosjekta har medført auka aktivitet innan ungskogpleie, til dømes vart det utført lauvrydding og avstandsregulering på 237 dekar i 2022 og 202 dekar i 2024. Auka fokus på ungskogpleie frå næringsaktørane er ein medverkande årsak til den positive trenden. Aktiviteten er likevel svært varierende frå år til år. Det er derfor naudsynt å oppretthalde ekstra innsats med oppfølging av plantefelt med behov for ungskogpleie.

Mykje av ungskogpleien vert utført av skogeigarane sjølve, men det meste vert gjennomført av innleigd arbeidskraft.

8.4. Vegbygging

Interessa for investering i skogsbilvegar, både ombygging og nybygging, har vore aukande sidan midten av 2000-talet. I perioden 2016-2025 er det bygd ferdig 16,4 km skogsbilveg fordelt på 24 veganlegg, med dekningsområde på 10.700 dekar og 165.000 m³ ståande volum i hogstklasse 3-5. Veganlegga har mottatt 11,4 mill. kr i NMSK-tilskot.

Pr. mars 2026 er 4 anlegg under bygging, med lengd til saman 3500 m. Desse veganlegga har dekningsområde på ca. 3000 dekar produktiv skog og 57.000 m³ ståande volum. Dei fire anlegga har fått tilsegn om nær 2,2 mill. kr i NMSK-tilskot.

6 skogsbilvegar har fått byggeløyve, men er ikkje påbegynte (derav 1 tilskotsveg), mens 5 anlegg er under handsaming.

Oppskriving av fylkesvegar og kommunale vegar til bruk med vogntog bidrar til betre økonomisk resultat for skogbruket. Dette initierer planar om bygging av skogsbilvegar til skogområde som tidlegare ikkje har vore økonomisk drivverdige på grunn av store ekstrakostnadar til omlasting av tømmeret.

Gjennom prosjektet «Gode skogsvegløysingar i Rogaland» er profesjonell vegplanleggar tilgjengeleg for planlegging av heilskaplege løysingar og prosjektering av skogsbilvegane.

Prosjektet er i regi av Statsforvaltaren i Rogaland, i samarbeid med Rogaland fylkeskommune, kommunane og skognæringa.

9. Vurdering av behov

9.1. Planting

Av det avverka arealet som er underlagt foryngingsplikt og som skal settast i ny produksjon i perioden 2019-2024, er det gjennomført foryngingstiltak på 1870 av 3328 dekar (56%).

215 dekar (6,4%) er godkjent omdisponert som dyrka mark eller innmarksbeite og ajourført i gardskartet (NIBIO). Om lag 600 daa er under omdisponering (18%). Noko av dette arealet har fått utsett frist ved dispensasjon frå foryngingsplikta.

På 645 daa er det ikkje utført tiltak for å sette arealet i ny produksjon (19,3%), men etter det kommunen er kjend med er det bestilt planter til 200 dekar av desse for planting i 2026.

Det er svært viktig å få sett flatene utan tiltak i ny produksjon så raskt som mogeleg. Dette kan krevje aktiv oppfølging frå kommunen. Etter skoglova skal foryngingstiltak settast i verk innan 3 år etter hogst. Etter lokale retningslinjer for Rogaland må areal som skal omdisponerast til beite eller dyrka mark vere klargjort for godkjenning innan same fristen. Slikt areal er rekna som skogsmark og underlagt skoglova og foryngingsplikt inntil arealet er ferdig godkjent som ein annan arealkategori.

Forskrift om berekraftig skogbruk stiller krav om forynging med eit treslag som gir minst like høg produksjon som hovudtreslaget som tidlegare stod på hogstflata. Bruk av andre treslag krev søknad til og godkjenning frå kommunen.

I tillegg til arealet utan tiltak i starten av planperioden og etterslep frå tidlegare år kjem det løpande behovet for planting, som varierer med hogstaktiviteten det enkelte år. Kommunen anslår behovet for planting i planperioden til 600-800 dekar pr. år.

Høgare tømmerprisar og satsar for driftstilskot dei siste åra har saman med tilskot til bygging av skogsbilvegar gjort fleire område med furu og lauv på bonitetar eigna for gran meir aktuelle for hogst med påfølgjande treslagsskifte til gran. Slik investering gir grunnlag for høgare framtidig produksjon av trevirke til nytte for samfunnet og auka binding av CO₂.

Ettersom ståande volum på slike areal som oftast er lågt, vert grunnlaget for å sette av skogfond til planting og ungsogpleie lågare enn ved hogst av gran. For å betre lønnsmda gir kommunen derfor høgare tilskotssats ved planting av gran der det tidlegare har stått furu og/eller lauv, i samsvar med felles tilskotssatsar for kommunane i Rogaland.

9.2. Ungskogpleie

Skogplanter treng fristilling frå konkurrerande lauv og annan vegetasjon for å kunne produsere optimalt. Produksjonstapet i den tida skogplantene står undertrykte kan aldri takast igjen. Det er derfor svært viktig å følgje opp plantefelta med ungsogpleie i rett tid.

Planting på høg og super bonitet kan gjere det naudsynt med minst 2 rundar med ungskogpleie. Avhengig av bonitet kan behovet for lauvrydding gjerne oppstå 5 -10 år etter planting.

Interessa for å utføre ungskogpleie synest å ha auka, men aktiviteten varierer mykje mellom åra. Med bakgrunn i statistikken for planting og ungskogpleie og skogkulturprosjekta anslår kommunen behovet for ungskogpleie i planperioden til minimum 800 dekar pr. år.

9.3. Vegbygging

Kommunen vedtok ny hovudplan for skogsvegar i 2018. Denne avløyste hovudplanane for «gamle» Vindafjord (2001) og Ølen (2003) kommunar. Den nye planen gjeld for 15 år. Planen omfattar om lag 20 km skogsbilveg.

Ein ser auke i bilvegar som ikkje er med i hovudplanen, men som har store dekningsområde og ofte fleire interessentar. Desse er og viktige å følgje opp. Næringsaktørane er blitt meir aktive i å hjelpe skogeigarane med å få til gode vegløyningar før hogst.

Veganlegga treng meir planlegging enn tidlegare. Sterke vegar som tåler meir nedbør er like viktig som at vegane er tilpassa driftsformen som skal brukast. Dette kan bidra til mindre avrenning, køyrespor og graving av driftsvegar. Godt samarbeid med næringsaktørane er viktig for å oppnå gode løysingar, og for å dele erfaring og kunnskap.

Det er stor hogstaktivitet og interesse for vegbygging i Vindafjord. I 2025 vart nær halvparten av tilskotsmidla avsett til vegbygging i Rogaland investert i Vindafjord. Per februar 2026 er det større behov for vegtilskot i kommunen enn tilgjengeleg ramme i fylket.

10. Mål

Ut frå vurderinga av behov i pkt. 9 set kommunen følgjande årlege aktivitetsmål:

- 600-800 dekar med planting
- Min. 800 dekar med ungskogpleie
- 2 veganlegg i tråd med hovudplan
- 2-4 veganlegg utanom hovudplanen

11. Tilskotssatsar

Kommunen legg til grunn felles retningslinjer for tilskot til taubane og skogsvegar o.a., og felles tilskotssatsar for skogkultur for kommunane i Rogaland.

11.1. Skogkultur

- | | |
|--|------|
| • Planting etter hogst av gran/sitkagran | 30 % |
| • Planting etter hogst av furu/ lerk | 50 % |
| • Planting etter hogst av lauv | 60 % |

- Suppleringsplanting 60 %
- Ungskogpleie 60 %
- Såing 50 %
- Andre skogkulturtiltak inntil 50 %
(gjødsling, markarbeiding, flatelydding, grøftereinsk,
felling av nyttbart lauv)
- Inngjerding inntil 30 %

Vilkår:

1. Rettleiande kostnadsgrenser og maksimalsatsar for skogkulturkostnader utarbeidd av Statsforvaltaren skal leggjast til grunn for utrekning av tilskot.
2. Det skal berre brukast godkjente treslag og proveniensar i tråd med Skogfrøverket sine anbefalingar for Vindafjord kommune sitt område og høgdslag.
3. Det vert berre gitt tilskot til planter/planting opp til øvre grense for tettare planting vist i tabellen under. Kostnad for fleire planter pr. daa enn dette, får 0% tilskot.

Bonitet	Maksimalt plantetal pr. daa som gir grunnlag for tilskot
26+	270
23	270
20	250
17	230
14	210
11	180
8	150

11.2. Skogsvegar, taubane o.a., enkelt oversyn

Lista under gir eit kort oversyn. Fullstendige vilkår og retningslinjer er gjengitt i «Felles overordna retningslinjer for tilskot til skogsvegar, taubane o.a. 2026».

- Tilskot til skogsvegar:
 - Skogsbilvegar 30-60 %
 - Traktorveg klasse 7 30-45 %
 - Ekstra tilskot for bruk av profesjonell vegplanleggar 3 %
 - Ekstra tilskot for byggeleiing v/profesjonell vegplanleggar 3 %
- Tilskot til taubane:
 - Tilskotet vert rekna ut frå tal m3 tømmer innmeldt i virkesdatabasen (VSOP).
 - Tilskotet varierer etter banelengd og treslag.
- Driftstilskot for lang terrengtransport:
 - I område der det ikkje er økonomisk grunnlag for å bygge veg og der terrengtransporten er over 500 m, kan det utbetalast driftstilskot på 50 kr/m3 til furudrifter og 100 kr/m3 til lauvdrifter over 100 fm3.
- Driftstilskot for styrking av eksisterande veginvesteringar:
 - Det kan gis 100 kr/fm3 for furu og 150 kr/fm3 for lauv til drifter over 10 dekar

12. Strategiar og tiltak

Kommunen vil:

- Ta eit overordna ansvar og vidareutvikle gode rutinar for å sikre oppfølginga av skogkulturen, både gjennom skriftleg oppfølging og direkte kontakt via telefon eller ute i felt.
- Halde fram og vidareutvikle det gode samarbeidet med næringsaktørane i forhold til oppfølging av skogkulturarbeid.
- Bidra med hjelp til plantebestilling og med planteutstyr og elles følgje opp etter behov dei skogeigarane som ønskjer å utføre planting og/eller ungskogpleie sjølv.
- Bruke skogbruksplan og plantestatistikk som grunnlag for oppsøkande verksemd overfor skogeigarar med behov for ungskogpleie.
- Bruke aktivt dei informasjonskanalane som finst mot målgruppa, til dømes kommunen si nettside, informasjonsskrivet Vindafjordbruket, Varsling 24, medlemsmøte i næringsorganisasjonane, skogdagar, media.
- Bidra ved 1 Skogkurs per år eller etter behov.
- Bidra til planlegging av gode heilskaplege vegløyningar i samarbeid med skogeigarar, vegplanleggar og næringsaktørar.
- Bidra til at ein får gjennomslag for felles vegløyning i minst eitt større område med behov for vegutløyning.
- Bruke hovudplan for skogsvegar som rettesnor for prioritering av innsats og bruke den aktivt i handsaminga av skogsvegar etter landbruksvegforskrifta.
- Informere målgruppa om ordningane som finst for finansiering av skogsvegar (tilskot og skogfond).